

Høyringsbrev

Dato: 19.12.2016

Til: Adressatane, jf. liste over høyringsinstansar

Frå: Delprosjekt administrativ organisering - Prosjekt Fagleg og administrativ organisering - Fusjonsprogrammet HiB, HiSF og HSH

Saknr: 16/05641

Emne: Høyring – Delprosjekt Administrativ organisering

Delprosjektet sitt mandat:

Delprosjekt Administrativ organisering er eit delprosjekt under Prosjekt Fagleg og Administrativ organisering. Delprosjektet skal kome med forslag organisering av den administrative verksemda ved høgskulen. Arbeidet skal byggje på prinsipp for administrativ organisering som er fastslått i fusjonsavtalen, og skal følgje organiseringa av den faglege verksemda ved den nye høgskulen.

Delprosjektet skal bidra til at administrasjonen utøver gode støttefunksjonar for kjerneverksemda utdanning, forskning og formidling. Vidare skal prosjektet bidra til god forvaltning og verksemdstyring i ein effektiv, kompetent og profesjonell administrasjon.

Delprosjektet greier ut følgjande:

1. Kartlegging av behov for administrative funksjonar og tenester i den nye høgskulen, samt behov og moglegheiter for utvikling av desse. Dette skal inkludere vurdering av kompetansebehov og moglegheiter for digital tenesteutvikling.

2. Prinsipp for organisering av den administrative verksemda:

- Kva slags oppgåver som bør løysast på institusjonelt nivå som fellestenester?
- Kva slags oppgåver som bør løysast på fakultetsnivå/eventuelt ved anna faglig eining?
- Kva slags oppgåver som bør løysast på campus-/studiestadnivå?

3. 2-3 ulike modellar for organisering av den administrative verksemda. Modellene skal innehalde vurderingar av:

- Oppgåve-/arbeidsdeling mellom ulike nivå og einingar
- Ressurs- og kompetansebehov, samt utvikling av robuste miljø

4. Funksjonsplanar for administrative funksjonar i den nye høgskulen. Planene skal danne grunnlag for bemanningsplanar for administrasjonen. I denne fasen vil delprosjektet organiserast med fleire arbeidsgrupper, og fleire naudsynte ressursar koplast på.

Samansetting av delprosjektgruppa:

Kristin Ravnanger	Delprosjektleder/utdanningsdirektør	HiB
Wenche Fjørtoft	Personaldirektør	HiSF
Anne Grethe Naustdal	Dekan	HiSF
Kirsten Bakken	Økonomidirektør	HSH
Espen Fosse	Studiesjef	HSH
Ida Heggholmen	Personaldirektør	HiB

Invitasjon til innspel:

Rapporten omhandler leveranse 2 i oppdraget til delprosjektet, hvor delprosjektet utarbeider minst 2 konkrete alternativ til framtidig organisering.

Avdelingar og administrative einingar, dei tilsette sine organisasjonar, studentparlamenta og dei koordinerande arbeidsgruppene i Sikker drift inviterast til å kome med innspel til rapporten i sin heilskap. Sjå vedlagde høyringsinvitasjon og mal for høyringssvar for viktige problemstillingar delprosjektet særleg ynskjer innspel på.

Høyringsprosess

Leiarar og andre som mottek høyringsinvitasjonen må leggje til rette for gode prosessar i dei einingane/organisasjonane dei er ansvarlege for/representerer. Brei medverknad og gode innspel bidreg til eit godt avgjerdsgrunnlag når saka vert lagt fram for styret.

Høyringsfrist

Frist for å sende inn høyringssvar til rapporten er 13.1.2017.

Vi ber om at einingane svarer samla. Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg. Bruk helst vedlagte mal for høyringssvar.

Høyringsinnspel som sendast før 31.12.16 sendast til: post@hib.no, post@hisf.no eller postmottak@hsh.no

Høyringsinnspel som sendast etter 01.01.17 sendast til: post@hvl.no

Høyringsinstansar

Avdelingane ved HiB, HiSF og HSH

Administrative einingar ved HiB, HiSF og HSH

Studentparlamenta ved HiB, HiSF og HSH

Tilsette sine organisasjonar ved HiB, HiSF og HSH

Koordinerande arbeidsgrupper i Sikker drift

